



Notat

Dato
LEIKANGER, 05.04.2016

Frå: Fylkeskommunen

Til: Kommunar som får midlar til kommunale næringsfond frå fylkeskommunen

Prinsippvurderingar knytt til bruken av kommunale næringsfond 2016 – oppdatert versjon gjeldande frå 05.04.2016.

Notat om prinsippvurderingar følgde tilskotsbrev for kommunale næringsfond 2014. I notatet drog vi opp nokre prinsipp for bruken av midlane, og gav nokre døme på bruk som har vore vurdert nærare. Eksempellista er ikkje uttømande og de må setje dykk godt inn i gjeldande retningsliner.

I etterkant kom det avklaring knytt til planlegging. Det vart difor laga ein ny versjon gjeldande frå 1. juli 2014. Endringa som vart gjort då gjaldt kun avsnittet om planlegging. Den oppdaterte versjonen følgde tilskotsbrev for kommunale næringsfond 2015.

I denne versjonen har vi kun gjort mindre endringar.

Gjenteken feilbruk

Ved gjenteken feilbruk av næringsfondet vil midlar bli trekt attende. Gjenteken feilbruk er uavhengig av om det er same kommunen som brukar midlar feil på nytt. Dersom vi i trekkjer fram saker som er brot på regelverket, så skal ikkje slik bruk gjenta seg – uavhengig av kven som opphavleg nyttar midlar feil. Vi viser også til regelverket til KMD der det står *Alle fylkeskommunar vil bli varsle om feil bruk av midlane slik at dei kan korrigere tilsvarande bruk av midlane.* Dette betyr at om alle kommunar er varsle om feil bruk, så må dei korrigere bruken.

Saker som blir omtala som utanfor regelverket i dette notatet og som blir trekt fram i tilskotsbrev eller andre skriv, vil føre til tilbaketreking av midlar.

Destinasjonsselskap

Det er ikkje høve å nytte midlar til kommunal eigendel til destinasjonsselskapa jf. punkt om driftsstøtte. Det er heller ikkje høve til å gje tilskot til drift av turistinformasjonar.

Kommunane kan støtte prosjekt i regi av destinasjonsselskapa, der prosjekta elles tilfredsstiller krava i retningslinene. Unnataket er prosjekt der fylkeskommunen er inne med tilskot jf. punkt om samfinansiering.

Driftsstøtte m.a. drift av næringsapparat

Midlane skal nyttast til prosjekt og tiltak. Prosjekt og tiltak er mellom anna definert som aktivitetar som er tidsavgrensa, har fokus på utprøving, og oppstart, og skal lede fram til eit bestemt resultat. Tilskot til drift, det vil seie det som ikkje kjem inn under definisjonen av prosjekt og tiltak, er det ikkje lov å støtte. Dette gjeld tilskot til drift både til bedrifter, organisasjonen og kommunen sjølv.

Midlane kan ikkje nyttast til lovpålagde oppgåver og politikkførebuande aktivitetar. I omgrepet politikkførebuande aktivitet ligg mellom anna kjøp av tenester i samband med utforming av nye tiltak og lovpålagde eller eigeninitierte plan- og strategiprosessar.

Drift av næringsapparat er ikkje lov utover det som er godkjent i retningslinene (inntil 5 %). Det kan bli gitt støtte til prosjekt i regi av næringsselskap og kommunen sjølv. Det blir då stilt krav om at dette er eit reelt prosjekt, og ikkje ein måte å finansiere drifta på.

Kva som er ordinære driftsoppgåver kan i nokon tilfelle vere uklart. I dei fleste tilfelle seier dette seg sjølv. Det sentrale er å huske at driftsstøtte ikkje er lov, uavhengig av om tilskotsmottakar er ein kommune eller ikkje. Sjå detaljar i KMD sine retningsliner. Dersom de er i tvil tek de kontakt med fylkeskommunen på førehand.

Planlegging

Det er i dag i liten grad høve til å nytte midlane til planleggingsarbeid. Grunnen er at dette i stor grad vert rekna som driftsoppgåver, eller som del av kommunen eller andre aktørar sine ordinære oppgåver. Planlegging er også ofte lovpålagt.

Eksempel:

Tilskot til interkommunalt planarbeid og felles planstrategi: dette er utanfor det som er mogleg å nytte kommunale tilskot til. Dette er ordinær drift.

Det er ikkje høve til å gje tilskot til reguleringsplanar. Dette gjeld uavhengig av om reguleringsarbeidet er i privat eller offentleg regi.

Planleggingsarbeid knytt til vegbygging og analyser knytt til dette

Departementet har sett på ei sak og gitt tilbakemelding om at midlar frå næringsfondet ikkje kan nyttast til planleggingskostnader knytt til europaveg. Dei seier også: *Det samme gjelder planleggingsarbeider for riks- og fylkesveg som tenkes bompengefinansiert. I den grad for eksempel analyse av trafikkstrømmen er knytt til fylkesveger eller europavegen, kan ikke dette støttes fra næringsfondet.*

Kostnader direkte knytt til stadutvikling (gang og sykkelvegar, parkar, fellesareal, stadanalyser m.m.) kan i nokre tilfelle støttast. Då må dette skiljast tydeleg ut frå planlegging av veg.

Vi ber kommunane vere varsame når det gjeld å nytte midlar til planlegging.

Språkopplæring

Det er ikkje høve til å gje tilskot til språkopplæring som er lovpålagd. Men departementet har tidlegare sagt at det er høve til å støtte opplæring når utlendingar ikkje har rettigheter og plikter til norskopplæring etter lova (EØS-borgarar).

Festivalar/arrangement

Også her gjeld reglane om at ein kan støtte prosjekt og tiltak som er:

- Tidsavgrensa
- Har fokus på utprøving, initiering, og oppstart
- Har organisering, kostnader og finansiering direkte tilknytt prosjektet/tiltakets føremål
- Skal lede fram til eit bestemt resultat

Mange kommunar støtter festivalar, arrangement, profilering av kommunen/området år etter år. Prosjekt tiltak kan maksimalt støttast i fem år. Slike tiltak vil gjerne gå over i ein driftsfase lenge før det er gått fem år. Når kommunane støtter slike tiltak bør de gjere ei vurdering av om dette er ei løyving for å sette i verk nye tiltak, og også gje signal om at på sikt må tiltaket over i ein driftsfase.

Lån

Tidlegare var det høve til å nytte næringsfondet til å gje lån. Dette er ikkje lenger mogleg. No er det kun høve til å gje tilskot.

Samfinansiering

Med samfinansiering vert det meint at ein ikkje kan gå inn med midlar i eit tiltak/prosjekt som får støtte frå same opphavlege kjelde (KMD/fylkeskommunen), til dømes skal ein ikkje nytte næringsfonda til noko som fylkeskommunen eller Innovasjon Norge støttar (gjeld midlane IN får av fylkeskommunen til bedriftsretta tiltak). Det kan berre i heilt spesielle tilfelle vere finansiering av eit prosjekt både frå fylkeskommunen og kommunale næringsfond. Dersom det skal gjerast unnatak må støtta ha utlösande effekt for prosjektet, og det må vere prosjekt med regional effekt. Unnatak skal avklarast mellom fylkeskommunen og kommunane på førehand.

Utløysande effekt

I retningslinene står det at tilskotet skal ha utløysande effekt. Det er ikkje tilstrekkeleg at tilskotet er med på å oppretthalde eit tilbod.

Med utløysande effekt meiner vi at tilskot skal vere avgjerande for at tiltak/prosjekt vert gjennomført. Det kan også bli rekna som utløysande effekt at prosjekt/tiltak blir realisert i den forma/omfanget, eller i tråd med den tidsplanen som er ynskjeleg.

Tilskot skal ikkje bli gitt for å oppretthalde eit tilbod. Ein skal heller ikkje gi tilskot for å signalisere velvilje eller gi støtte til ein søker fordi ein annan søker har fått støtte.